



Advokatfirmaet Riisa & Co Ans
Postboks 3119 Elisenberg
0207 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/73 - 17/5921

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
22.02.2017

Svar på førespurnad om status på byggesaker gbnr 134/400 Hilland

Viser til dykkar brev datert 02.01.17

Vi har undersøkt status på ferdigattest som forespurt.
Ein gjennomgang viser at det ikkje er gjeve ferdigattest for opparbeiding av veg, vatn og avløp.
Det vart 04.09.07 gjeve mellombels bruksløyve for VA-anlegget.

Samtlege av dei 6 tomannsbustadene har fått ferdigattest.

Del av kommunal veg innanfor reguleringsplanen som har gbnr 134/364 er overført til Lindås kommune.
Del av veg som ligg på gbnr 134/473 er ikkje overført til kommunen. Kommunen har med andre ord teke over ansvar for gbnr 134/364 medan gbnr 134/473 fortsatt er utbygger sitt ansvar saman med eigedom gbnr 134/400.

I samband med motteke brev frå dykk vil det bli sendt ut brev til utbygger der dei blir bedne om å gjere greie for tilhøva de tek opp, samt søke om ferdigattest og sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført i henhold til krav i reguleringsbestemmelsar og utbyggingsavtale. Kommunen vil vidare vurdere behov for synfaring på staden for å kontrollere at arbeida er utført i samsvar med løyve og bestemmelsar som gjeld for tiltaket.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt rådgjevar Per Sveinar Morsund.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Riisa & Co	Postboks 663, sentrum	5807	BERGEN
---------------------------	--------------------------	------	--------

Mottakarar:

Advokatfirmaet Riisa & Co Ans	Postboks 3119 Elisenberg	0207	OSLO
-------------------------------	-----------------------------	------	------